

Miljø – Skule – Helse – Verdiskapning.

Miljø

- Arbeide for ei betre kollektivløysing innad i kommuna.
- Prioritere gode vegløyningar på Giskeøya.
- Definere sentruma i Giske og arbeide for handel og kommunikasjonar rundt dei.
- Giske kommune skal vere blant dei fremste innan miljø og berekraftig utvikling.
- Få betre styring med utbyggingstakta gjennom å etablere ein eigen busettingsplan.
- Arbeide for ny vei direkte til flyplassen og ein forbindelse med tilkomst til øvre Vigra.
- Arbeide for utvida gangveg på Gjøsundbrua og Giskebrua.
- Arbeide for vidareutvikling av turstiar og etablere universell tilgang til friområde.
- Etablere renovasjonsordning og sanitæranlegg ved badestrendene våre.

Skule

- Styrke helsestasjonen og vidareutvikle lavterskeltilbodet som treffer alle born.
- Styrke barnevernet og få på plass interkommunal barnevernvakt på kveld og i helg.
- Styrke PPT og prioritere tidleg kartlegging og innsats for barn med behov.
- Hauste erfaring med og eventuelt vidareutvikle Giske Oppvekstsenter.
- Ta i bruk eksisterande basseng til symjeundervisning.
- Behalde barneskulen for 1-4 klasse på Alnes og barneskular på kvar øy.
- Fortsatt satsing på MOT.
- Ruste opp Vigra barneskule og behalde to ungdomsskular.

Helse

- Styrke Vigra omsorgssenter si satsing på senil demens.
- Heimesjukepleia skal prioriterast slik at den kan levere brukartilpassa tenester.
- Giske Omsorgssenter må ha god pleie og ha alle avdelingane opne.
- Oppretthalde Godøy Bukollektiv.
- Styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar, pårørande og frivilligsentralen.
- La kulturlivet få ei sterkare rolle i institusjonane til felles glede og auka livskvalitet.

Verdiskapning og kultur

- Prioritere fiskerinæringa si tilgang og utvikling i fiskerihamnene våre.
- Ivareta samanhengande jordbruksareal for å sikre god utvikling av landbruket.
- Ha ein tett dialog med bondelag og fiskarlag.
- Legge til rette for næringar som ikkje øydelegg miljø.
- Gratis halleige for barn under 18 år.
- Gratis leige av øvingslokale for kor og korps i kommunale bygg.
- Giske Venstre ynskjer ikkje å auke eigedomsskatten ytterlegare!

2015 STYRET I GISKE VENSTRE:

Britt Giske Andersen, Giske Svein Gjøsund, Valderøya Jan Ove Skodje, Godøya
Geirmund Oltedal, Vigra Ole Furnes, Godøya Britt Elin R. Farstad, Godøya



Giske Venstre blei stifta i 1964 og er tufta på verdiane til Venstre, Noregs eldste parti. Venstre har i alle år arbeidd for eit samfunn der alle kan delta og vi tek utgangspunkt i det enkelte menneskes personlege fridom, og det ansvaret vi alle har for fellesskapet, miljøet og for kvarandre. Difor er skule, helse, miljø og verdiskaping våre viktigaste saker.

VALLISTA 2015-2019

- 1: Britt Giske Andersen, Giske (kum.)
- 2: Jan Ove Skodje, Godøya
- 3: Geirmund Oltedal, Vigra
- 4: Marit Vik, Valderøya
- 5: Sheila Alnes, Alnes
- 6: Ole Furnes, Godøya
- 7: Reidar Roald, Vigra
- 8: Mona Vartdal Dimmen, Godøya
- 9: Marte Nordset, Giske
- 10: Arild Hagen Bye, Valderøya
- 11: Britt Elin Roald Farstad, Godøya
- 12: Anne Lovise Stornes Ytterland, Vigra
- 13: Jon Åge Giske Andersen, Giske
- 14: Britt Dagny Nikolaisen, Valderøya
- 15: Perry Giskegjerde, Giske
- 16: Otto Stornes, Vigra
- 17: Runa Godø Sæther, Valderøya
- 18: Jon Arne Hildre, Vigra

VENSTRE
Folk først.



VALPROGRAM FOR GISKE VENSTRE

2015 - 2019



1 Som ordførarkandidat for Giske Venstre ønsjer eg primært å bidra til at Giske kommune består som eiga kommune. Eit levande folkestyre har vore eit av Giske Venstre sine hovudærend i politikken i alle år. Det er folket som skal styre og den retten som vi i dag nærast tek for gitt, har folket for oss kjempa fram. Ser ein til land i andre delar av verda, så er dette ikkje sjølvst. Difor er det å bruke retten sin til å bestemme, ikkje noko ein berre gjer for seg sjølv, ein gjer det for fellesskapet. Vi står no framfor ei kommunereform som *kan* botne ut i at Giske som eiga kommune går inn i historiebøkene, meir makt skal utøvast av færre politikarar og avstanden til folket kan lett verte større.



4 Giske kommune er vide kjend for sitt vakre kystkulturlandskap. Dette er ein viktig kvalitet og enten det er i miljø eller helseperspektiv, må det ivaretaast til dei som kjem etter oss. Giske kommune er også ei av dei raskast veksande kommunane i landet. Dette stiller store krav til både kommune og utbygger, om at det her blir gjort utbyggingar som tek vare på både landskap, friområde og miljøet. Grøne lungar, gang og sykkelstiar samt trafikknutepunkt med god tilkomst av offentleg transport må vere målet. Vi må ta vare på lokalmiljøa sin eigenart og legge til rette for at besøkande og fastbuande kan sameksistere utan å trø kvarandre for nære.

2 Giske er og ei kulturkommune, og med godt samarbeid på tvers av sektorane kan det skapas framtidige arbeidsplassar både innan kultur og reiseliv. Ein av dei beste verdiskapingane ei kommune kan ha er eit levande kulturliv. Vi vil støtte opp om frivillig arbeid og private initiativ. Det er med på å halde nærmiljøa våre levande. Dette skaper tilhøyrighet, identitet, stoltheit og ikkje minst gode minner som ein kan bygge eit langt liv på. Vi treng og ei framtidsretta næringsutvikling i lag med resten av regionen, slik at den flotte ungdomen vår kjem tilbake etter dei er ferdige med utdanninga si.



5 Ein god barndom varer livet ut. Borna våre er det viktigaste vi har. Gode minner om ein god barndom, er ballast som ein tek med seg gjennom heile livet og vil vere ein styrke som gjev kvart enkelt menneske betre forutsetningar for å klare seg best mogleg i vaksenlivet. Her har vi alle eit ansvar, og kommunen må vere ein god tilretteleggar for at alle born skal ha ein god og trygg oppvekst. Tett samarbeid med ein proaktiv PP-teneste samt verktøyet MOT vil bli satsa på vidare. Tidleg avdekking av behov og rask, treffsikker innsats gir langsiktig gevinst.



3 Arbeide for ein god og framtidsretta skule der vi har gode barneskular på alle øyane. Det viktigaste for ein god skule er gode lærarar. Då får vi en skule som satsar på kunnskap og gjev like muligheiter til alle born. Elevar skal sjåast, oppmuntrast og få tilpassa undervisning. Vi må styrke muligheita for lærarane til å ta etterutdanning. Vi må ta vare på naturen, miljøet og ressursane våre for å sikre ei rein framtid. Giske kommune må prioritere gode miljø- og klimaløysingar og ta sterkt omsyn til klima og miljø i all planlegging og aktivitet. Kommunen må gjere sitt til at det blir enklare for innbygarane å ta grønne val.



6 Eit velferdssamfunn blir målt på korleis ein tek seg av dei svakaste i samfunnet. Dei eldste skal vere trygge på at dei får den hjelpa dei treng når tida er der, og hjelpa må i størst mogleg grad verte tilpassa den enkelte sitt behov. Velferdsteknologien og meir moderne hjelpemiddel er på full fart inn i kvardagen til oss alle. Her kan ein hente mykje i framtida som kan vere med på å auke livskvaliteten og også vere ei god hjelp til at ein sjølv kan klare seg lenger i heimen. Likså at ein har dagar med innhald, her treng ein tette relasjonar til frivillige og kulturlivet i kommunen.